

KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/22/44

av 7. oktober 2004

om endring av vedtak 2002/840/EF om vedtaking av lista over anlegg i tredjestatar som er godkjende for stråling av næringsmiddel(*)*[meldt under nummeret K(2004)3679]*

(2004/691/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 1999/2/EF av 22. februar 1999 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om næringsmidler og næringsmiddelingsredienser behandlet med ioniserende stråling⁽¹⁾, særleg artikkel 9 nr. 2, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Etter direktiv 1999/2/EF kan eit næringsmiddel som er handsama med ioniserande stråling, importerast frå ein tredjestat berre dersom det er handsama i eit strålingsanlegg som er godkjent av Fellesskapet.
- 2) Ved kommisjonsvedtak 2002/840/EF⁽²⁾ vart det fastsett ei første liste over godkjende anlegg.
- 3) Kommisjonen har motteke ein søknad om godkjenning av eitt strålingsanlegg i Tyrkia og eitt i Sveits, som er sende over av dei rette styresmaktene i desse statane. Sakkunnige frå Kommisjonen har inspisert strålingsanlegga for å kontrollere om dei stettar krava i direktiv 1999/2/EF, og særleg om offentleg tilsyn sikrar at dei stettar krava i artikkel 7 i det nemnde direktivet. Dei rette styresmaktene i begge statane har reagert tilfredsstillande på alle tilrådingane i sluttrapporten.

- 4) Etter tilmeldinga av Ungarn til Fellesskapet 1. mai 2004 bør ikkje lenger strålingsanlegget i denne staten vere førd opp i lista i vedlegget til vedtak 2002/840/EF. Dette anlegget vil verte lagt til i lista over godkjende strålingsanlegg i dei medlemsstatane som er nemnde i artikkel 7 nr. 4 i direktiv 1999/2/EF.
- 5) Vedtak 2002/840/EF bør difor endrast.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedlegget til vedtak 2002/840/EF vert bytt ut med vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 7. oktober 2004.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 314 av 13.10.2004, s. 14, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 54/2005 av 29. april 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 46 av 15.9.2005, s. 19.

⁽¹⁾ TEF L 66 av 13.3.1999, s. 16. Direktivet endra ved forordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

⁽²⁾ TEF L 287 av 25.10.2002, s. 40.

VEDLEGG

Liste over strålingsanlegg i tredjestatar som er godkjende av Fellesskapet

<p>Referansenr.: EU-AIF 01-2002</p> <p>HEPRO Cape (Pty) Ltd 6 Ferrule Avenue Montague Gardens Milnerton 7441 Western Cape Republikken Sør-Afrika Telefonnr.: (27-21) 551 24 40 Telefaksnr.: (27-21) 551 17 66</p>
<p>Referansenr.: EU-AIF 02-2002</p> <p>GAMMASTER South Africa (Pty) Ltd PO Box 3219 5 Waterpas Street Isando Extension 3 Kempton Park 1620 Johannesburg Republikken Sør-Afrika Telefonnr.: (27-11) 974 88 51 Telefaksnr.: (27-11) 974 89 86</p>
<p>Referansenr.: EU-AIF 03-2002</p> <p>GAMWAVE (Pty) Ltd PO Box 26406 Isipingo Beach Durban 4115 Kwazulu-Natal Republikken Sør-Afrika Telefonnr.: (27-31) 902 88 90 Telefaksnr.: (27-31) 912 17 04</p>
<p>Referansenr.: EU-AIF 05-2004</p> <p>GAMMA-PAK AS Yünsa Yolu N: 4 OSB Cerkezköy/TEKIRDAG TR-59500 Tyrkia Telefonnr.: (90-282) 726 57 90 Telefaksnr.: (90-282) 726 51 78</p>
<p>Referansenr.: EU-AIF 06-2004</p> <p>STUDER AGG WERK HARD Hogenweidstrasse 2 Däniken CH-4658 Sveits Telefonnr.: (41-062) 288 90 60 Telefaksnr.: (41-062) 288 90 70</p>